

Eksamen

25.05.2021

MED2001 Mediekommunikasjon

Programområde: Medieproduksjon

LK06

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Vedlegg 1: For første gong i historia er Trump stengd ute frå dei største sosiale media. Kvifor no? (Kjelde: Aftenposten 12.01.2021), side 6 i oppgåvesettet Vedlegg 2: Sosial kontroll (Kjelde: Store norske leksikon, Aksel Tjora - Tony Burner, 2020), side 12 i oppgåvesettet
Informasjon om vurderinga	Sensor vurderer i kva grad svaret viser at kandidaten har nådd kompetansemåla i læreplanen, og korleis kandidaten bruker og reflekterer over faglege kunnskapar og ferdigheiter. Det blir lagt vekt på at du kan bruke faguttrykk og eksempel for å reflektere rundt rolla journalistikken har i samfunnet, med særleg vekt på ytringsfridom, etikk og samfunnsansvar. Vidare blir det lagt vekt på at du kan planlegge eit journalistisk produkt med vekt på arbeidsmetodar, kjeldebruk og val av verkemiddel. Sjå vurderingskriteria her: Eksamensveiledning
Andre opplysningar	Du skal svare på alle oppgåvene.

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke til!

Oppgave 1

Tidlegare president Donald Trump blei stengd ute frå dei fleste sosiale media etter storminga av den amerikanske kongressen i Washington DC våren 2021.

a) Drøft konsekvensane ei slik utestenging kan ha for demokrati og ytringsfridom.

Bruk **vedlegg 1** som utgangspunkt for drøftinga.

b) Gjer greie for kva rolle media har i eit demokratisk samfunn. Det er naturleg å trekke inn omgrep som *offentlegheit*, *påverknad* og *mediemakt*.

Oppgave 2

Med utgangspunkt i artikkelen i **vedlegg 2** skal du planlegge ei journalistisk sak om sosial kontroll.

a) Vel ein mediekanal. Beskriv kva som kjenneteiknar kanalen du vil lage saka for, og skisser målgruppa for kanalen. Inkluder omgrep som *primær* og *sekundær målgruppe*.

b) Beskriv og grunngi kva for kjelder du vil bruke i denne saka.

c) Beskriv kva for retoriske og visuelle verkemiddel du kan bruke i denne saka.

d) Du ønsker å ha med bilete i saka di. Beskriv med utgangspunkt i etisk og juridisk lovverk kva du må/bør ta omsyn til.

e) Kva for andre etiske omsyn må du ta i denne reportasjen?

f) Lag ei grov skisse av saka – med tittel, innleiing og dei viktigaste punkta til hovuddelen.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem. Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Vedlegg 1: For første gang i historien er Trump stengt ute fra de største sosiale mediene. Hvorfor nå? (Kilde: Aftenposten 12.01.2021), side 9 i oppgavesettet Vedlegg 2: Sosial kontroll (Kilde: Store norske leksikon, Aksel Tjora - Tony Burner, 2020), side 14 i oppgavesettet
Informasjon om vurderingen	Sensor vurderer i hvilken grad besvarelsen viser at kandidaten har nådd kompetansemålene i læreplanen, og hvordan kandidaten anvender og reflekterer over faglige kunnskaper og ferdigheter. Det legges vekt på at du kan bruke faguttrykk og eksempler for å reflektere rundt journalistikkens rolle i samfunnet, med særlig vekt på ytringsfrihet, etikk og samfunnsansvar. Videre legges det vekt på at du kan planlegge et journalistisk produkt med vekt på arbeidsmetoder, kildebruk og valg av virkemidler. Se vurderingskriteriene her: Eksamensveiledning
Andre opplysninger	Alle oppgavene skal besvares.

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke til!

Oppgave 1

Tidligere president Donald Trump ble stengt ute fra de fleste sosiale medier etter stormingen av den amerikanske kongressen i Washington DC våren 2021.

a) Drøft konsekvensene en slik utestenging kan ha for demokrati og ytringsfrihet.

Bruk **Vedlegg 1** som utgangspunkt for drøftingen.

b) Redegjør for mediernes rolle i et demokratisk samfunn. Det er naturlig å trekke inn begreper som *offentlighet*, *påvirkning* og *mediemakt*.

Oppgave 2

Med utgangspunkt i artikkelen i **Vedlegg 2** skal du planlegge en journalistisk sak om sosial kontroll.

a) Velg en mediekanal. Beskriv hva som kjennetegner kanalen du vil lage saken for, og skisser målgruppen for kanalen. Inkluder begreper som *primær* og *sekundær målgruppe*.

b) Beskriv og begrunn hvilke kilder du vil bruke i denne saken.

c) Beskriv hvilke retoriske og visuelle virkemidler du kan bruke i denne saken.

d) Du ønsker å ha med bilder i saken din. Beskriv med utgangspunkt i etisk og juridisk lovverk hva du må/bør ta hensyn til.

e) Hvilke andre etiske hensyn må du ta i denne reportasjen?

f) Lag en grov skisse av saken – med tittel, innledning og de viktigste punktene til hoveddelen.

For første gong i historia er Trump stengd ute frå dei største sosiale media. Kvifor no?

Kjærleikserklæringar til dei høgreekstreme Capitol-stormarane blei for mykje for Twitter og Facebook.

Kronikk

Dette er ein kronikk. Meiningar i teksten er det skribenten som står for.

Bileta frå storminga av den amerikanske kongressen sjokkerte ei heil verd. Sjølvaste Capitol blei invadert av ein selfie-filmende mobb som tok seg til rette i hjartet av det amerikanske demokratiet.

«Vi elsker dykk, de er alle svært spesielle», sa Trump til pøblane, som han omtalte som «patriotar». Videoen blei publisert på sosiale medium.

Han bad dei dra heim, samtidig som han gjentok dei falske påstandane om valjuks. Dette er ei velkjend form for dobbeltkommunikasjon frå Trump.

I heile haust har Twitter og Facebook flagga og skjult postane frå Trump i sosiale medium. Det har vore grunnleggjande med at Trump postar løgnaktige påstandar om valprosessen eller valresultatet.

No har plattformsselskapa Twitter, Facebook og Snapchat gått eitt skritt lenger.

Kva er årsakene?

Først blei det kjent at Twitter, Trumps favorittplattform, har stengt tilgangen til kontoen hans i 12 timar. YouTube fjerna ein video Trump posta.

Facebook stengde Trumps konto på Facebook og Instagram i 24 timar, Snapchat på ubestemt tid. Deretter blei det kjent at Facebook og Twitter stenger Trump ute resten av presidentperioden. Kva er det som gjer at dei største sosiale medieplattformene no suspenderer Trump? Eg vil trekke fram tre årsaker.

1. Eskalering

Dette er ein situasjon som gradvis har eskalert heilt sidan 2016, og ytterlegare under den amerikanske valkampen hausten 2020.

Etter 2016-vallet blei plattformsselskapa, og særleg Facebook, utsette for sterk kritikk for ikkje å ha oppdaga og stansa spreinga av russisk desinformasjon og falske nyheiter. Sidan den tid har teknologiselskapa oppdatert og spesifisert retningslinjene sine. Dei har i større grad fjerna, merkt eller redusert spreinga av innhald som bryt med retningslinjene til selskapa.

Samtidig har Trump auka spreinga av falske eller villeiande påstandar under valkampen, om lag 50 kvar dag, ifølge Washington Post. Eksempel på dette er feilinformasjon om den amerikanske valprosessen, poststemmer eller covid-19.

I ei undersøking eg har gjort av Trumps twittermeldingar i perioden 3.–29. november, var 216 av 834 meldingar merkte eller skjulte av Twitter. Samtidig framstår denne eskaleringa som tilfeldig og inkonsekvent.

I løpet av hausten 2020 endra Twitter strategi. Mange av Trumps twittermeldingar blei skjulte i byrjinga av november, medan dei primært blei merkte med åtvaringar i slutten av november.

Facebook har valt å merke Trumps feilaktige påstandar med informasjon frå faktasjekkarar, men utan å skjule innhaldet.

2. Politisk press

Ei anna årsak til at sosiale medium stenger Trump ute, er at det politiske presset mot Facebook (som også eig populære Instagram), Google og Twitter har auka dei siste åra, både frå amerikanske og europeiske politikarar.

Mark Zuckerberg (Facebook-sjef), Jack Dorsey (Twitter-sjef) og Sundar Pichai (Google-sjef) har vore hyppige deltakarar på høyringar i Kongressen, men også på den andre sida av Atlanteren, i London og i Brussel.

Truslar om regulering og oppdeling av plattformsselskapa har komme hyppigare, parallelt med nyheiter om spreing av desinformasjon, livesending frå massedrap og framvekst av Facebook-sider for ekstreme og valdelege grupper som spreier konspirasjonsteoriar, som InfoWars, QAnon og Proud Boys.

3. Trumps nye jobbtittel

Både Twitter og Facebook har vegra seg for å avgrense politiske ytringar. Det har vore årsaka til at Facebook har tillate løgnaktige politiske reklamar, sjølv om dei er beviseleg falske.

Av omsyn til den offentlege interessa har politikarar og myndigheitspersonar hatt meir eller mindre fritt spelrom i sosiale medium. Politikarar som Donald Trump har kunna tillate seg å bryte retningslinjene til selskapet tallause gonger, i motsetning til vanlege brukarar av sosiale medium.

Sjølv om Trump har tvittra løgner og konspirasjonsteoriar gjennom heile sin presidentperiode, er det først no plattformsselskapa for alvor set ned foten. No er Donald Trump berre dagar unna å miste presidenttittelen, og da er viljen til å stenge kontoane hans større.

Konspirasjonsteoriane spreier seg raskt

Men kva betyr det i den store samanhengen? Det seier oss noko om distribusjonsmakta i plattformene og dei effektive moglegheitene for spreing av konspirasjonsteoriar og desinformasjon.

Trump's presidentskap har vore prega av eit lettvent forhold til sanninga, og sidan starten på presidentperioden hans har Washington Post talt opp 29 508 falske eller misvisande påstandar.

Ei av dei grovaste løgnene hans, den feilaktige påstanden om valfusk, har verkeleg slått rot i den amerikanske befolkninga: 78 prosent av dei republikanske veljarane trur det gjekk føre seg valfusk i 2020-valet.

I ei fersk undersøking frå YouGov kjem det fram at mellom dei som trur at valfusk fann stad, meiner heile 56 prosent av dei spurde at storminga av Capitol skjedde med god grunn. Det er rett og slett sjokkerande tal, og det seier noko om kor godt konspirasjonsteorien som Trump har formidla det siste halve året, har festa seg.

Portvaktarar for ytringsfridommen

Facebook, Twitter og YouTube argumenterer for at dei er teknologiselskap som ikkje har ansvar for innhaldet til brukarane, enten det er presidenten eller hornkledde QAnon-tilhengarar som publiserer.

Desse plattformene ønsker ikkje å vere «arbiters of truth» (sanningsdommarar) som skal vurdere kva som er sant eller falskt, rett eller galt.

Samtidig har plattformselskapa heilt frå starten av drive med moderering og fjerning av innhald som har brote med retningslinjene deira, for eksempel overgrep mot barn, terrorisme eller kopibeskytta innhald.

Capitol-storminga er historisk, også for plattformselskapa. Enten dei liker det eller ikkje, er dei sanningsdommarar og portvaktarar for ytringsfridommen i den digitale globale offentlegheita. Derfor blir det viktigare enn nokon gong å få større openheit om og innsikt i prosessane, retningslinjene og algoritmane som bestemmer kva som er lov, eller ikkje lov, å seie på plattformene.

Aftenposten 12.01.2021

Teksten er omsett til nynorsk for dette oppgåvesettet.

For første gang i historien er Trump stengt ute fra de største sosiale mediene. Hvorfor nå?

Kjærlighetserklæringer til de høyreekstreme Capitol-stormerne ble for mye for Twitter og Facebook.

Kronikk

Dette er en kronikk. Meninger i teksten står for skribentens regning.

Bildene fra stormingen av den amerikanske Kongressen sjokkerte en hel verden. Selveste Capitol ble invadert av en selfie-filmende mobb som tok seg til rette i det amerikanske demokratiets hjerte.

«Vi elsker dere, dere er alle veldig spesielle», sa Trump til pøblene som han omtalte som «patrioter». Videoen ble publisert på sosiale medier.

Han ba dem dra hjem, samtidig som han gjentok de falske påstandene om valgjuks. Dette er en velkjent form for dobbeltkommunikasjon fra Trump.

I hele høst har Twitter og Facebook flagget og skjult Trumps poster i sosiale medier. Begrunnelsene har vært at Trump poster løgnaktige påstander om valgprosessen eller valgresultatet.

Nå har plattformselskapene Twitter, Facebook og Snapchat gått ett skritt lenger.

Hva er årsakene?

Først ble det kjent at Twitter, Trumps favorittplattform, har stengt presidentens tilgang til kontoen i 12 timer. Youtube fjernet en video Trump postet.

Facebook stengte Trumps konto på Facebook og Instagram i 24 timer, Snapchat på ubestemt tid. Deretter ble det kjent at Facebook og Twitter stenger Trump ut resten av presidentperioden. Hva er det som gjør at de største sosiale medieplattformene nå suspenderer Trump? Jeg vil trekke frem tre årsaker.

1. Eskalering

Dette er en situasjon som gradvis har eskalert helt siden 2016, og ytterligere under den amerikanske valgkampen høsten 2020.

Etter 2016-valget ble plattformselskapene, og særlig Facebook, utsatt for sterk kritikk for ikke å ha oppdaget og stanset spredningen av russisk desinformasjon og falske nyheter. Siden den tid har teknologiselskapene oppdatert og spesifisert sine retningslinjer. De har i større grad fjernet, merket eller redusert spredningen av innhold som bryter med selskapenes retningslinjer.

Samtidig har Trump økt spredningen av falske eller misledende påstander under valgkampen, om lag 50 hver dag, ifølge Washington Post. Eksempler på dette er feilinformasjon om den amerikanske valgprosessen, poststemmer eller covid-19. I en undersøkelse jeg har gjort av Trumps twittermeldinger fra 3.–29. november, var 216 av 834 meldinger merket eller skjult av Twitter. Samtidig fremstår denne eskaleringen som tilfeldig og inkonsekvent. I løpet av høsten 2020 endret Twitter strategi. Mange av Trumps twittermeldinger ble skjult i begynnelsen av november, mens de primært ble merket med advarsler i slutten av november. Facebook har valgt å merke Trumps feilaktige påstander med informasjon fra faktasjekkere, men uten å skjule innholdet.

2. Politisk press

En annen årsak til at sosiale medier stenger Trump ute er at det politiske presset mot Facebook (som også eier populære Instagram), Google og Twitter har økt de siste årene, både fra amerikanske og europeiske politikere.

Mark Zuckerberg (Facebook-sjef), Jack Dorsey (Twitter- sjef) og Sundar Pichai (Google-sjef) har vært hyppige deltagere på høringer i Kongressen, men også på den andre siden av Atlanteren, i London og i Brussel.

Trusler om regulering og oppdeling av plattformselskapene er kommet hyppigere, parallelt med nyheter om spredning av desinformasjon, livesending fra massedrap og fremvekst av Facebook-sider for ekstreme og voldelige grupper som sprer konspirasjonsteorier, som info Wars, QAnon og Proud Boys.

3. Trumps endrede jobbtittel

Både Twitter og Facebook har vegret seg for å begrense politiske ytringer. Det har vært årsaken til at Facebook har tillatt løgnaktige politiske reklamer, selv om de er beviselig falske.

Av hensyn til den offentlig interessen har politikere og myndighetspersoner hatt mer eller mindre fritt spillerom i sosiale medier. Politikere som Donald Trump har kunnet tillate seg å bryte selskapets retningslinjer utallige ganger, i motsetning til vanlige sosiale medier-brukere.

Selv om Trump har tvitret løgner og konspirasjonsteorier gjennom hele sin presidentperiode, er det først nå plattformselskapene for alvor setter ned foten. Nå er Donald Trump bare dager unna å miste presidenttittelen, og da er viljen til å stenge kontoene hans større.

Konspirasjonsteoriene sprer seg raskt

Men hva betyr det i den store sammenhengen? Det sier oss noe om distribusjonsmakten i plattformene og de effektive mulighetene for spredning av konspirasjonsteorier og desinformasjon.

Trump's presidentskap har vært preget av et skjødesløst forhold til sannheten, og siden starten på hans presidentperiode har Washington Post talt opp 29.508 falske

eller misvisende påstander.

En av de groveste løgnene, Trumps feilaktige påstand om valgfusk, har virkelig slått rot i den amerikanske befolkningen: 78 prosent av de republikanske velgerne tror det foregikk valgfusk i 2020-valget.

I en fersk undersøkelse fra YouGov kommer det frem at blant dem som tror at valgfusk fant sted, mener hele 56 prosent av de spurte at stormingen av Capitol var berettiget. Det er rett og slett sjokkerende tall, og det sier noe om hvor godt konspirasjonsteorien som Trump har formidlet det siste halve året, har festet seg.

Portvoktere for ytringsfriheten

Facebook, Twitter og Youtube argumenterer for at de er teknologiselskaper som ikke har ansvar for brukernes innhold, enten det er presidenten eller hornkledde QAnon-tilhengere som publiserer.

Disse plattformene ønsker ikke å være «arbiters of truth» (sannhetsdommere) som skal vurdere hva som er sant eller falskt, rett eller galt.

Samtidig har plattformselskapene helt fra oppstarten drevet med moderering og fjerning av innhold som har brutt med selskapenes retningslinjer, for eksempel overgrep mot barn, terrorisme eller kopibeskyttet innhold.

Capitol-stormingen er historisk, også for plattformselskapene. Enten de liker det eller ikke, er de sannhetsdommere og portvoktere for ytringsfriheten i den digitale globale offentligheten. Derfor blir det viktigere enn noen gang å få større åpenhet og innsikt i prosessene, retningslinjene og algoritmene som bestemmer hva som er lov, eller ikke lov, å si på plattformene.

Aftenposten 12.01.2021

Sosial kontroll

Sosial kontroll blir brukt som omgrep for rammer (eller grenser) for individuell åtferd som blir bestemte uformelt av nære relasjonar (venner og familie) eller formelt ved politi, rettsvesen eller anna myndigheit.

Foreldres barneoppseding består av både formell sosial kontroll (ved for eksempel innetider og reglar for nettbbruk) og uformell sosial kontroll (ved for eksempel å respondere positivt på det å vere hjelpsam og negativt på egoisme).

Sosial kontroll kan vere av positiv art, som gjer samhandling mellom menneske innanfor visse kulturelle rammer mogleg på ein adekvat måte. Det er normer om kva som er ønskeleg eller normal åtferd i samfunnet.

Sosial kontroll kan også vere av negativ art, når spesifikke handlingar fører til negative tilbakemeldingar, alt frå avvisande kroppsspråk og tilsnakk til strengare, formelle reaksjonar.

Uformell sosial kontroll (også kalla primærkontroll) blir for eksempel utøvd når vennegjengen verdset nokre former for åtferd (som å vere omtenkjam) og reagerer negativt på andre (som å vere gjerrig). Denne kontrollen regulerer dermed åtferd ut frå kollektive prosessar som finst i alle samfunn eller grupperingar, heller enn formelle reglar. Slik uformell sosial kontroll er mest effektiv mellom individ som betyr noko for kvarandre, men også reaksjonar frå framande, med andre ord frå «den generaliserte andre» eller samfunnet i seg sjølv bidrar til å regulere ikkje-ønskt åtferd gjennom uformell sosial kontroll.

Den formelle sosiale kontrollen blir utøvd av staten som overgripande samfunnsmakt, ved lover og reglar som blir handheva av politi og rettsvesen. Også andre myndigheitspersonar vil utøve formell sosial kontroll, for eksempel vakta som kjeftar på høglytte ungdomsgrupper på kjøpesenteret, eller vaktmeisteren som overvakar avfallssorteringa til bebruarane.

Formell negativ sosial kontroll kan handle om retten til å ferdast fritt innanfor grensene til ein stat (artikkel 13 i dei universelle menneskerettane), retten til å gifte seg utan avgrensingar knytte til rase, nasjonalitet eller religion, og retten til å samtykke til giftarmålet (artikkel 16 i dei universelle menneskerettane), retten til å skifte religion eller tru (artikkel 18 i dei universelle menneskerettane) og retten til fritt val av yrke (artikkel 23 i dei universelle menneskerettane).

Forskjellar i sosial kontroll

I overgangen frå eit tradisjonelt til eit moderne samfunn har den sosiale kontrollen blitt forskyvd frå naturgitte relasjonar (i familie og lokalsamfunn) til formelle relasjonar, for eksempel knytte til arbeidsliv. Graden av sosial kontroll vil variere mellom kulturar. Det

finst også grupperingar innan moderne samfunn, for eksempel tette religiøse trussamfunn som opprettheld sterkare sosial kontroll enn majoritetssamfunnet.

Store norske leksikon, Aksel Tjøra - Tony Burner, 2020
Teksten er omsett til nynorsk for dette oppgåvesettet.

Sosial kontroll

Sosial kontroll brukes som begrep for rammer (eller begrensinger) for individuell atferd som bestemmes uformelt av nære relasjoner (venner og familie) eller formelt ved politi, rettsvesen eller annen myndighet.

Foreldres barneoppdragelse består både av formell sosial kontroll (ved for eksempel innetider og regler for nettbruk) og uformell sosial kontroll (ved for eksempel å respondere positivt på hjelpsomhet og negativt på egoisme).

Sosial kontroll kan være av positiv art, som gjør samhandling mellom mennesker innenfor visse kulturelle rammer mulig på en adekvat måte. Det er normer om hva som er ønskelig eller normal atferd i samfunnet.

Sosial kontroll kan også være av negativ art, når spesifikke handlinger medfører negative tilbakemeldinger, alt fra avvisende kroppsspråk, tilsnakk eller strengere formelle reaksjoner.

Uformell sosial kontroll (også kalt primærkontroll) utøves for eksempel når vennegjengen verdsetter noen former for atferd (som å være omtensksom) og reagerer negativt på andre (som å være gjerrig). Denne kontrollen regulerer dermed atferd ut fra kollektive prosesser som finnes i ethvert samfunn eller gruppering, heller enn formelle regler. Slik uformell sosial kontroll er mest effektiv mellom individer som betyr noe for hverandre, men også reaksjoner fra fremmede, med andre ord fra «den generaliserte andre» eller samfunnet som sådan, bidrar til å regulere ikke-ønsket atferd gjennom uformell sosial kontroll.

Den formelle sosial kontrollen utøves av staten som overgripende samfunnsmyndighet, ved lover og regler som håndheves av politi og rettsvesen. Også andre myndighetspersoner vil utøve formell sosial kontroll, for eksempel vekten som kjefter på høylytte ungdomsgrupper på kjøpesenteret eller vaktmesteren som overvåker beboernes avfallssortering.

Formell negativ sosial kontroll kan handle om retten til å ferdes fritt innenfor en stats grenser (Artikkel 13 i de universelle menneskerettighetene), retten til å gifte seg uten begrensninger knyttet til rase, nasjonalitet eller religion og retten til å samtykke til giftermålet (Artikkel 16 i de universelle menneskerettighetene), retten til å skifte religion eller tro (Artikkel 18 i de universelle menneskerettighetene) og retten til fritt valg av yrke (Artikkel 23 i de universelle menneskerettighetene).

Forskjeller i sosial kontroll

I overgangen fra et tradisjonelt til et moderne samfunn har den sosiale kontrollen blitt forskjøvet fra naturgitte relasjoner (i familie og lokalsamfunn) til formelle relasjoner, for

eksempel knyttet til arbeidsliv. Graden av sosial kontroll vil variere mellom kulturer. Det finnes også grupperinger innen moderne samfunn, for eksempel tette religiøse menigheter som opprettholder sterkere sosial kontroll enn majoritetssamfunnet.

Store norske leksikon, Aksel Tjøra - Tony Burner, 2020



www.vigoiks.no/eksamen